

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
007/21	Kommunestyret	16.02.2021

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu  
Sak - journalpost: 21/249 - 2020026064

---

### Høring - Forskrift om folkevalde si rett til godtgjering og velferdsgoder i Vindafjord kommune

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag til Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder for Vindafjord kommune vert lagt ut på høring med frist på 2 veker. Høringa vert kunngjort på kommunen si heimeside.

#### 16.02.2021 Kommunestyret

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt

#### KS-007/21 Vedtak:

Forslag til Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgoder for Vindafjord kommune vert lagt ut på høring med frist på 2 veker. Høringa vert kunngjort på kommunen si heimeside.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Av den nye kommunelov (2018) går det fram at kommunestyret skal gje forskrift om folkevalde sin rett til dekning av utgifter og økonomisk tap (§8-3), arbeidsgodtgjering (§8-4), ettergodtgjering (§8-6) og permisjonar (§8-10)

#### Saks- og faktaopplysningar

Vindafjord kommune har pr i dag Reglement for godtgjersle til folkevalde, godkjent i Vindafjord kommunestyre 28.10.2014, sak 084/14.

Det som er nytt er at reglementet skal gis som forskrift og må innehalde folkevalde sin rett til dekning av utgifter og økonomisk tap (§8-3), arbeidsgodtgjering (§8-4), ettergodtgjering (§8-6) og permisjonar (§8-10) jf Kommunelova.

Det betyr at krava til forskrift i forvaltningslova må vere oppfylt. Forvaltningslova stiller mellom anna krav til korleis forskrifter skal utformast, at dei skal ut på høring og at det gjeld særlege krav til kunngjering for at kommunen skal kunne rette seg etter forskriftene. Dei folkevalde sine økonomiske rettigheter kan ikkje lengre regulerast i reglement som har ei litt lausare ramme når det gjeld sakshandsaming og utforming.

Det er innhaldet frå reglementet som gjeld for dei folkevalde i Vindafjord pr i dag og dei nye lovpålagte punkta frå kommunelova som er lagt inn i mal frå regjeringa for utforming av forskift etter kommunelova.

Det er opp til kommunestyret å bestemme korleis høyringa skal gjennomførast (Forvaltningslova §37)

Revidering av godtgjersle til dei folkevalde i Vindafjord kommune er planlagt å gjere før utgangen av denne kommunestyreperioden.

Forslag til endring allereie nå er at ikkje lenger alle medlemmane i Kommunestyret får Kommunal Rapport, men at dette kun går til dei som ynskjer dette.

Handsaming av sjølve forskrifta med høyringssvar vil komme til kommunestyret som eigen sak i møte 23.mars 2021

**Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22.06.2018 (Kommuneloven)

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10.02.1967 (Forvaltningsloven)

**Vedlegg:**

Forskrift for godtgjersle til folkevalde i Vindafjord

Reglement for godtgjersle til folkevalde, frå 2014